



Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen
Att: Even Vaular

Agnes Mowinckels Gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Tlf: +47 41 20 61 32
nestas@tryggtrafikk.no
www.tryggtrafikk.no

Referanse:
Knut Olav Røssland Nestås

Dato:
11.01.2019

Søknad om aktivitetsmidlar til Trygg Trafikk for 2019

Me sender dykk med dette søknad om aktivitetsmidlar til trafikksikringstiltak i regi av Trygg Trafikk i Hordaland, i tråd med samarbeidsavtale. Tiltaka våre baserer seg på tiltak i fylkeskommunalt planverk, som Regional transportplan, og våre eigne handlingsplanar er forankra i *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet 2018-2021*.

Trygg Trafikk søker om aktivitetsmidlar til gjennomføring av følgjande tiltak:

Aktivitetar	Sum
Trafikksikker kommune	250 000,-
Opplæring, kurs	250 000,-
Refleks/fylkesaktivitetar	150 000.-
Russ/vgs.	150 000,-
Hjertesone	<i>Prosjektmidlar: Sjå eigen post</i>
Sum søknad aktivitetsmidlar 2019	800 000,-

Budsjettet har som føremål å vidareutvikla og styrka tiltak me jobbar med over tid. Dette heng ikkje minst saman med «Trafikksikker kommune»-konseptet og «Hjertesone»-prosjektet der det er ambisjonar for vidare utvikling framover. Vidare satsing på aktivitet i tråd med nedfelte planar og ambisjonar er eitt opplagt mål dei neste åra. Både «Hjertesone» og «Trafikksikker kommune» er gode døme på arbeid som bidreg i styrkinga av det systembaserte trafikksikringsarbeidet i Hordaland, i tråd med Hordaland fylkeskommune sine eigne målsetjingar i m.a. regional transportplan og nasjonale føringer i t.d. nasjonal tiltaksplan for trafikksikring.

I samband med meir aktivitet, er det også viktig å halda på dei ressurspersonane Trygg Trafikk har til rådvelde utover distriktsleiar. I 2018 tilsette me ein prosjektleiar for Hjertesone-arbeidet, Åslaug Bergsvåg, og i tillegg nyttar me oss av Trygve Hillestad som arrangementsansvarleg for russearrangement i Grieghallen og Arne Aase som innleigd arbeidskraft ved behov. I sum bidreg dette til at Trygg Trafikk har eit langt høgare aktivitetsnivå i Hordaland enn nokon gong tidlegare. Ein målretta aktivitetsauke over tid harmonerer godt med nasjonale og regionale ambisjonar for trafikksikringsarbeidet, der målet er å førebyggja og redusera talet drepne og hardt skadde.

For nærmere omtale av tiltaka i søknaden, syner me til oversikt nedanfor.

Det er ynskjeleg med ei rammeløyving på 800 000,- for aktivitetsmidlar der distriktsleiar vert gjeve handlingsrom til å omdisponere fritt mellom tiltaka og aktivitetane ut ifrå behov. Denne fleksibiliteten er særleg viktig i samband med behova i kommunane som jobbar med «Trafikksikker kommune»-prosjektet, der t.d. kompetanseheving og kurs er etterspurt. Me prøver etter beste evne å svara på denne etterspurnaden, men det er ikkje tvil om at slike aktivitetar er ressurskrevjande. I tråd med tidlegare vedtak er me også avhengig av støtte på 500 000,- i samband med «Hjertesone»-prosjektet, for m.a. å finansiera prosjektleiar-stillinga. Som tidlegare vil underteikna rapportera til FTU etter førespurnad og delta i FTU sitt arbeid elles. I tillegg vil det bli utarbeidd skriftleg årsrapport for Trygg Trafikk Hordaland, som ein del av rapporteringa til FTU ved årsslutt.

Me håpar på velviljig handsaming av søknaden, og ser fram til å halde fram det gode samarbeidet i 2019.

Tiltaks- og aktivitetsoversikt:

Trafikksikker kommune

Konseptet er utvikla av Trygg Trafikk med tanke på kommunane si sentrale rolle i trafikksikringsarbeidet. I 2018 hadde me eit nært samarbeid med Lindås, Vaksdal, Austrheim, Bømlo, Sund og Kvinnherad, i tillegg til at me rekrutterte Kvam herad som ny kommune. For å stimulera arbeidet med trafikksikring i desse kommunane, har me utarbeidd eit sett av sentrale kriterium for å kunne bli godkjent og etter kvart regodekjent som ein «Trafikksikker kommune». Me ønskjer med dette å bidra til eit betre førebyggjande arbeid og å sikra eit meir systembasert trafikksikringsarbeid i kommunane. Lindås, Vaksdal og Austrheim vart alle godkjente i løpet av 2016. Bømlo, Sund og Kvinnherad har vore i aktiv prosess sidan årsskiftet 2016/2017, og Bømlo vart godkjent som første kommune av desse tre november 2017. Vidare vart Sund godkjent i mai 2018 og Kvinnherad i september 2018. Arbeidet med prosjektet har avdekkja eit klart behov for kurs, kompetanseheving, nettverksbygging og stønad til innkjøp, materiell og arrangement.

Fylkeskommunen har fram til no sett av 100 000,- i stimuleringsmidlar pr. kommune, mens Trygg Trafikk har hatt 250 000,- i 2018 til å gjennomføre kurs og leggje til rette for aktivitetar og systembasert arbeid i kommunane. Dette arbeidet vil halde fram i 2019. Samtidig inneber arbeidet no eit større omfang med til saman sju kommunar, der det òg i løpet av 2019 vil bli jobba for å få rekruttert inn nye kommunar. Distriktsleiar reknar difor med at det i løpet av 2019 vil vera ein stad mellom åtte og ti kommunar som anten er i prosess for å bli godkjent eller som er godkjent i tråd med kriterium. Gjerne fleire om me lukkast med rekrutteringa. Me er avhengige av minst sju

godkjende kommunar for å levera vår del i tråd med *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet 2018-2021*. I tråd med ei slik utvikling vil det også vere eit behov for eit handlingsrom til aktivitetar styrt av Trygg Trafikk. For 2019 er det allereie planar om ulike former for bistand t.d. knytt til einingsmøter, etterutdanning, kurs, nettverkssamlingar med meir. Samhandlinga i prosjektet «Trafikksikker kommune» må seiast å ha vore vellukka, og mykje tyder på at me får ei god utvikling også dei neste åra. Det er positivt, men utfordrar også fylkeskommunen og Trygg Trafikk på å ha tilstrekkeleg arbeidskapasitet og ressursar ved behov. Søknadssummen på 250 000,- skal dekkja våre aktivitetar i så måte, og mellom anna utgifter i samband med eksterne kurshaldarar, kurs- og møteverksemd, utvikling av nye møtestader/nettverksbygging og samlingar, naudsynt materiell, etter- og vidareutdanning for lærarar med vidare. Det er på nivå med føregåande år.

Opplæring/kurs

Trygg Trafikk er den leiande aktøren i arbeidet for trafikksikker oppvekst, og eit kompetansesenter for trafikkopplæring for born og unge, jf. m.a. *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet 2018-2021*. Vår hovudsatsing på området er knytt til trafikkopplæring og bruk av sikringsutstyr. Me tilbyr læringsressursar og rettleiing til elevar, lærarar og foreldre tilpassa alle alderstrinn. I 2018 har me mellom anna støtta Norges cykleforbund og deira «Sykkelsykler»-prosjekt (tidlegare «Alle barn sykler») med vesentlege bidrag på materiellsida, og gjennom samarbeid og rettleiing elles. Dette samarbeidet vil halda fram i 2019, og me ser for oss å auka støtta til opplæringsprogrammet noko for at dei skal klara å halda oppe aktivitetsnivået. For 2018 fekk i overkant av 3000 elevar tilbod om trafikkopplæring i Hordaland gjennom «Sykkelsykler», og Trygg Trafikk sitt materiell og sykkelprøven vår har vore viktig i gjennomføringa. Når det kjem til trafikkopplæring er det òg aktivitet i fylket elles, det merkar me ut frå førespurnader om materiell, rettleiing, registrert bruk av sykkelprøven og hjelp elles. Arne Aase er òg ute og besøkjer skular som etterlyser særleg bistand. Me har ikkje gode tal på omfang og ynskjer difor i 2019 å gjennomføra ei kartlegging av trafikkopplæringa ved grunnskulane i fylket, i samarbeid med Trygg Trafikk sentralt. Kartlegginga vil bli gjort av TNS Kantar. Satsinga på Barnas Trafikkklubb har òg vore positiv dei siste åra, m.a. gjennom oppløftande medlemsvekst blant barnehagane i Hordaland. Arbeidet med å spreia og marknadsføra Barnas Trafikkklubb held fram for fullt i 2019 i tråd med målsetjingar i Nasjonal tiltaksplan. Etter tidlegare FTU-kampanje overfor barnehagane i tillegg til seinare vervekampanjar frå Trygg Trafikk, er no om lag 290 barnehagar medlemmer av Barnas trafikkklubb. Det tilsvarer ca. 52% av barnehagane i fylket. I 2019 satsar me på å koma opp i 60%. I tillegg har underteikna sagt seg viljig til å føra vidare teaterframsyninga «Laffen» på vegne av FTU, men med ein særleg innfallsvinkel inn mot «Trafikksikker kommune»-satsinga og «Hjertesone». På denne måten får framsyningane nokre knaggar å henga på og styrkjer anna viktig arbeid. Framsyninga vil for 2019 ha ein finansieringstrong på om lag 80 000,-. Trygg Trafikk tilbyr òg kursverksemd overfor faggrupper som t.d. helsestrener, barnehagetilsette, lærarar, politi, Statens vegvesen (for dei to siste særleg kring sikring av barn i bil) og HMS-kurs. Summen av desse satsingane gjer at underteikna vurderer at dette tiltaket må ha eit handlingsrom som føregåande år på om lag 250 000,- for 2019.

Refleks/fylkesaktivitetar

Aktiviteten refleks/fylkesaktivitetar vert føreslått på same nivå som i 2018. Innkjøp av refleksar vil ligga på nivå som tidlegare. Trygg Trafikk er pådrivar for auka bruk av sikkerheitsutstyr, til dømes refleks og sykkelhjelm. Mange alvorlege ulukker med mjuke trafikantar skjer i mørket, og auka bruk



av refleks vil redusere omfanget av drepne og hardt skadde i trafikken. Hordaland fylkeskommune ved FTU kjøper årleg inn refleksar til bruk blant samarbeidspartnarane i trafikksikringsarbeidet. Søknadssum frå Trygg Trafikk er på nivå med føregåande år, dvs. 150 000,-. Desse midlane er knytt til den nasjonale refleksdagen i oktober, innkjøp av refleks, utstyr og utdeling av særskilt materiell og give aways, samt gjennomføring av arrangement for å få mest mogleg merksemd om trafikksikring som samfunnsinteresse, som *Trafikksikkerhetsdagen*. I tillegg støttar me opplæringsinstitusjonar som skular og barnehagar med refleksar og premiar av ulikt materiell til aksjonar og etter førespurnad, og alt etter kor mykje refleksar og anna materiell me til ei kvar tid har liggjande. Trygg Trafikk koordinerer òg teljing/registrering av sikring av barn i bil på våren og refleksbruk på hausten i fylket i tråd med krav i *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet 2018-2021*.

Aktivitetar for russ og vidaregåande skule

Heilt sidan byrjinga av 1990-talet har Trygg Trafikk hatt ansvar for gjennomføring av rebusløp for russ i Hordaland, i samarbeid med Statens vegvesen, politiet, trafikkskular, hovudrussestyret med fleire. Arrangementet er innarbeidd og er eit godt samarbeidstiltak. Tiltaket inkluderer kontroll av russebilar og gjennomføring av ei rekke aktivitetar der trafikktryggleik er i hovudfokus. Arrangementet blir gjennomført ved trafikkstasjonen i Åsane. Saman med Hordaland fylkeskommune samarbeider me no òg om gjennomføring av arrangementet i Grieghallen. Samarbeidet er nytt frå og med 2018, og Trygve Hillestad er aktiv konsulent. Trygg Trafikk Hordaland har for året 2018 koordinert arrangementet på vegner av Hordaland fylkeskommune og Trygg Trafikk, ref. FTU-vedtak i møte 20/2-2018. Me ser for oss å gjera dette også i 2019 om det er ynskjeleg. Her er det sett av eigne midlar for arrangementet knytt til leige av Grieghallen i FTU-budsjettet, mens Trygg Trafikk for 2018 har betalt løn til Trygve Hillestad og dekka kostnader ved reise m.v. for føredragshaldarar. Arne Aase bidreg òg aktivt i russearbeidet for Trygg Trafikk. I tråd med nasjonalt arbeid vil det òg bli arbeidd vidare med eit opplæringstiltak for vidaregåande skule. I 2018 var #Er du sikker? tiltaket, og Trygg Trafikk vil etter evalueringar koma med framlegg til tiltak også i 2019. I tillegg vil Trygg Trafikk i Hordaland vera open for å rettleia ungdomsbedrifter, studentar og skuleklassar som jobbar med trafikktryggleik som tema, og gjerne støtta desse med refleksar og andre enkle innkjøp ved behov. Auken på 50 000,- frå tidlegare år er grunngjeve i meir bruk av eksterne arbeidskraft frå Trygve Hillestad og Arne Aase, og at det er venta at kostnadane med#ErDuSikker? vil auka noko i 2019. Samarbeidet om russ og tiltak i vidaregåande skule er godt forankra i *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet 2018-2021*, t.d. tiltak 52,53 og 54, og er noko me ynskjer å vidareføra.

Hjertesone

Eige prosjekt omtalt tidlegare, og handsama politisk av MISA 7. september 2017, ref. sak PS 94/17, og møter i Fylkesutvalet 20. og 21. september, ref. sak PS 211/17. Det fylkeskommunale bidraget er på 500 000,- for 2019, som tilsvrar 50% av venta prosjektkostnadar for 2019. Bergen kommune dekkjer tilsvarande halvdel gjennom sine budsjett.

Med venleg helsing

Knut Olav Røssland Nestås

Distriktsleiar for Trygg Trafikk i Hordaland

Tel: (+47) 41 20 61 32 E-post: nestas@tryggtrafikk.no